



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201203439-3/340/TONMART

Dykkar ref.:

Bergen, 26. juni 2012

NOU 2012:9 "Energiutredningen - Verdiskaping, forsyningsikkerhet og miljø" - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev dagsett 23.03.2012 der Olje- og energidepartementet ber om høyringsinnspel til utredninga NOU 2012:9 "Energiutredningen – Verdiskaping, forsyningsikkerhet og miljø" innan 23.06.2012. Hordaland fylkeskommune er ikkje på adresselista over høyringsinstansar, men instansar som ikkje er på høyringslista var velkomne til å komme med innspel.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 21.06.2012 sak 151/12 og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

- 1. Når det gjeld nettpolitikk vil fylkesutvalet framheve NOU-utvalet si tilråding om innføring av kompensasjonsordning for store kraflineprosjekt. Vidare vil ein stø utvalet si tilråding om sterkare satsing på energieffektivisering, forbruksfleksibilitet og smarte nett for å redusere forsyningsproblem i kraftnettet.*
- 2. Fylkesutvalet meiner meir FoU på sentrale fagområder som fornybar teknologi, energiprosessar, miljøvenleg transport og energieffektivisering er viktig. Ein treng å styrke kompetanse på miljøpåverknader og avbøtande tiltak slik at utbygging av ny fornybar energi i minst muleg grad går på kostnad av natur og miljø.*
- 3. Fylkesutvalet meiner at det bør innførast tidsfristar for å få ned sakshandsamingstida i NVE, men utan at det går på kostnad av ulike interesser og synspunkt. Sakshandsaminga må vere like grundig, og tidsfristar må vere slik at politisk handsaming av sakene blir mogleg. Fylkesutvalet støt utvalet si tilråding om å sjå på moglegheitene for endring av lovverket med å sette ned eit ekspertutval og meir forskning på sumverknader, økosystemet, artsmangfald, betre utbyggingsløysingar og avbøtande tiltak.*
- 4. Fylkesutvalet meiner vilkårsrevisjon må gjennomførast slik at eldre konsesjonar får dagens miljøkrav. Vassdirektivet må leggest til grunn som føring av vilkårsrevisjon med balansert avveging av ulike miljøomsyn.*
- 5. Når det gjeld energieffektivisering vil fylkesutvalet rå til å satse på energieffektivisering og konvertering av energibruken mot fornybar energi og støt utvalet sine tilrådingar til verkemidlar for å få ned energibruken.*

Vedlagt følgjer kopi av saksinnstillinga og protokoll.

Gudrun Mathisen
Seksjonsleiar

Tone C. Martinussen
Sakshandsamar